

Avstengjingstanken (1878)

Mot alle "Grunnar" stend den eine Setning, at Avstengjingstanken er umogeleg.

Stengja Tankar ute er i Lengdi likso vandt som aa stengja fraa seg Lufti.

Barnetidi er "sæl". Men likevæl lyt kvar ein av oss ut or den Sæla og upp i Livsstriden, og det hjelper korkje Bøn elder Graat: er me fyrst ute, so kjem me aldri attende meir. Likeeins med Ætti. Hennar "Barnetid" er og slutt. Ho hev faret til aa tenkja. Me kann graata yver det so lengje me vil, men brigda det kann me ikkje. Den som vilde freista paa aa kjøva Mannens tankar for aa vinna honom attende til den "sæle Barndomen", han var likso klok som naar ein i sine vaksne Aar vilde tvinga seg til aa vera Smaagut att. Ætti maa *tenkja sine Tankar ut*, det er raadlaust med det. Ho er mindre "sæl" og hev meir Sut og Kav og Strid ved dette; men Kavet og Striden høyrer med til Livet likso visst som Sæla. Anten maa Ætti tyna seg sjølv, elder so maa ho føra sitt Liv fram, kor hardt og saart det enn vert. Kannhenda finn ho Fred og Sæla ut paa Slutten att. *Men Striden kann ho ikkje sleppa.*

Og likeeins med kvart Folk. Det maa gaa all Livsens Strid igjennom — elder so tyna seg. "Stilstand er Tilbakegang"; men Tilbakegang er Uppløysning. —

Ein kann segja, at det er Kristendomen sjølv, som driv Ætti fram i den Striden, ho er i no, og som me er so rædde for aa koma uppi.

Kristendomen hev sett den Grunntanken, at Mannen er *fri*. Det vil segja, at Mannen hev Rett, ja er skyldig til, aa *velja*. Det er det, som ligg i det Ordet, at Mannen er "*andsvarleg*". Vera andsvarleg er aa vera skyldig til aa velja sin Livsveg sjølv, einast etter eget Vit og eigen Trong. Du hev ikkje Lov til aa skjota deg inn under andre. Gjev du deg til Gud, so skal det vera fritt; snur du deg fraa Gud, skal det vera med klaar, medviten Vilje. Du skal vera kald elder varm. Det, der spyrst um, er Hjartat): din frie Hug. Men er Valet og Ansvaret soleids lagt i dine egne Hender, so er du nøydd til aa bruka din Tanke. Blind Autoritetstru er ukristeleg likso væl som umenneskeleg. Og daa kjem du til aa bruka Tanken paa sjølv Kristendomen likso væl som paa alt anna. Du kann ikkje velja Kristendomen blindt. Du maa "*prøva*, um Lærdomen er av Gud". Du maa "*prøva alt* og velja ut *det Gode*". Du maa granska i Skrifterne, "um desse Ting *hev seg soleids*". Men naar Kristendomen sjølv set upp den frie Gransking til Grunn- og Drivtanke, so hev Ingen Rett til aa leggja Band paa henne. Og so er det sjølv sagt, at Valet vert ymist hjaa dei ymse Veljarar. Sume finn Sanning i Kristendomen, andre, og det stundom dei fleste, finn si Sanning i andre Lærdomar. So er Striden uppe, og kvar Kristen maa tru, at det so er Guds Vilje.

Men dermed ser me, at Avstengjingstanken ikkje aaleine er umogeleg, men at han og strider imot alt som er rett og sant baade etter Guds og Manns Tanke. Liksom Ingen hev Lov til aa *gjeva fraa seg* Mannens Rett til fritt Sjølvval og fri Gransking, likeeins hev ingen Rett til aa *taka denne Retten fraa andre*. Ingen hev Rett til aa gjera seg til Formyndar for Folk, velja for dei og taka paa seg deira Ansvar. Den som gjer det, han forbryt seg mot Mannslivets Grunnlovar og gjer Valds Verk mot sjølv Aanden. Avstengjingstanken, liksom all Aandstvang, avvyrder Mannsnaturen og set Folk i Rad med Fe. So kann ein telja upp so mange Grunnar ein vil til Studning for denne Tanken, — han er dømd og kann aldri med Retten haldast uppe.

Aanden maa ikkje setjast paa Baas. Han skal fljuga fri paa sine egne Vengjer liksom Fuglen, og han maa ikkje bøygja seg for noko anna enn for Sanningi. Du hev rett til aa vitna um di Tru, forkynna di Tru, for kvar og ein, so at alle som kjenner Trong i seg etter den Sanning, du byd fram, kann finna henne. Men du hev ikkje Rett til aa bruka Knip og Uærlegskap for aa faa Folk med paa Trui. Fara ikring og skræma Folk vitlause med Helvites Eld og Djevelens Klo og Tonn og so ved den Rædsla elder Støkken jaga dei inn i Trui elder halda dei fraa aa tenkja og *prøva seg fyre*, det er ukristeleg Ferd. Klaart og ærleg skal du tala med Mannsens Born um desse Ting, og klaart og fritt skal Mannsbarnet taka imot. Hellest vert det upp i Usanning og Sjukdom. All Framferd, som gjeng ut paa aa *røva fraa* Mannen hans frie Vilje og klaare Etertanke elder Krafti til aa velja, er Synd, um so det, du tvingar inn paa honom, er Sanning aldri so lengje. Den einaste "Agitation", du hev Rett til aa driva, er den: aa syna Krafti av di Tru i ditt eget Liv.

(Arne Garborg: *Fri forhandling* (1889). Ein litt lengre versjon av artikkelen vart trykt i avisa Fedraheimen 3. august 1878, som siste del av artikkelserien "Eit og annat um Kristendomsstriden vaar")

Avstengingstanken (2011)

Mot alle "grunnar" står den eine setninga, at avstengingstanken er umogeleg.

Stengja tankar ute er i lengda likeså vanskeleg som å stengja frå seg lufta.

Barnetida er lykkeleg. Men likevel må kvar og ein av oss ut av den lykka og opp i livsstriden, og der hjelper korkje bøn eller gråt: er me først ute, så kjem me aldri tilbake meir. Like eins er det med menneska. Deira "barnetid" er òg slutt. Dei har teke til å tenkja. Me kan gråta over det så lenge me vil, men endra det kan me ikkje. Den som ville prøva å kvela menneska sine tankar for å vinna dei tilbake til den "lykkelege barndommen", han var like klok som den som i sine vaksne år ville tvinga seg til å vera smågut att. Menneska må *tenkja sine tankar ut*, det er ikkje noko å gjera med det. Dei er mindre "lykkelege" og har meir sorg og kav og strid ved dette; men kavet og striden høyrer med til livet, likeså visst som lykka. Anten må menneska utrydda seg sjølv, eller så må dei føra livet sitt fram, kor hardt og sårt det enn vert. Kan henda finn dei fred og lykke att til slutt. *Men striden kan ho ikkje sleppa.*

Og like eins er det med kvart folk. Det må gå igjennom all livsens strid – eller gå under. "Stillstand er tilbakegang"; men tilbakegang er oppløysing.

Ein kan seia at det er kristendommen sjølv som driv menneska fram i den striden dei er i nå, og som me er så redde for å koma oppi.

Kristendommen har sett den grunntanken at menneska er *frie*. Det vil seia at menneska har rett, ja er forplikta til å *velja*. Det er det som ligg i ordet om at menneska er "*ansvarlege*." Vera ansvarleg er å vera forplikta til å velja livsvegen sin sjølv, bare etter eige vit og eigen trong. Du har ikkje lov til å skyta deg inn under andre. Gjev du deg til Gud så skal det vera fritt; snur du deg frå Gud skal det vera med klar, medviten vilje. Du skal vera kald eller varm. Det som det spørst om er hjarta - dvs. den frie tanken din. Men er valet og ansvaret såleis lagt i dine eigne hender, så er du nøydd til å bruka tanken din. Blind autoritetstru er ukristeleg, likeså vel som umenneskeleg. Og då kjem du til å bruka tanken på sjølv kristendommen likeså vel som på alt anna. Du kan ikkje velja kristendommen blindt. Du må "*prøva*, om lærdomen er av Gud." Du må "*prøva alt* og velja ut *det gode*." Du må granska i skriftene, "*om desse tinga verkeleg er slik*". Men når kristendommen sjølv set opp den frie granskinga til grunn- og framdriftstanke, så har ingen rett til å leggja band på henne. Og så er det sjølvsgatt at valet vert forskjellig hjå dei forskjellige veljarane. Somme finn sanning i kristendommen, andre, og det stundom dei fleste, finn si sanning i andre lærdommar. Så er striden oppe, og kvar kristen må tru at dette er Guds vilje.

Men dermed ser me at avstengingstanken ikkje åleine er umogeleg, men at han òg strir mot alt som er rett og sant, både etter Gud og menneska sin tanke. Liksom ingen har lov til å *gje frå seg* menneska sin rett til fritt sjølvval og fri gransking, like eins har ingen rett til å *ta denne retten frå andre*. Ingen har rett til å gjera seg til formyndar for folk, velja for dei og ta på seg deira ansvar. Den som gjer det, han forbryt seg mot menneskelivet sine grunnlover, og gjer valdsverk mot sjølvve ånda. Avstengingstanken, liksom all åndstvang, tek respekten frå menneskenaturen og set folk på linje med dyr. Så kan ein telja opp så mange grunnar ein vil til støtte for denne tanken, - han er dømd, og kan aldri med rett haldast oppe.

Ånda må ikkje setjast i bås. Ho skal flyga fritt på sine eigne vengjer liksom fuglen, og ho må ikkje bøya seg for noko anna enn for sanninga. Du har rett til å vitna om trua di, forkynna trua di for kvar og ein, slik at alle som kjenner trong i seg etter den sanninga du byr fram, kan finna henne. Men du har ikkje rett til å bruka knep og uærlegskap for å få folk med på trua. Fara ikring og skremma folk frå vitet med helvetes eld og djevelens klo og tann, og så gjennom redsla eller støkken jaga dei inn i trua eller halda dei frå å tenkja og prøva seg fram, det er ein ukristeleg framgangsmåte. Klart og ærleg skal du tala med menneskeborna om desse tinga, og klart og fritt skal menneskeborna ta imot. Elles vert alt bare usanning og sjukdom. All framferd som går ut på å *røva* den frie viljen og klare ettertanken eller krafta til å velja frå menneska er synd, sjølv om det du tvingar inn på dei er sanning aldri så mykje. Den einaste "agitasjonen" du har rett til å driva er denne: å visa krafta av di tru i ditt eige liv.

(Arne Garborg: *Fri forhandling* (1889). Ein litt lengre versjon av artikkelen vart trykt i avisa Fedraheimen 3. august 1878. Modernisert av Garborgsenteret -2011)

Oppgåver til Arne Garborgs «Avstengjingstanken»

«Avstengjingstanken» vart først publisert av Arne Garborg i 1878. Garborgsenteret har gitt teksten ny språkdrakt i 2011. Kva har skjedd på 133 år? Er teksten framleis aktuell?

Innhald – debatt rundt religionsfridom og fordommar

1. Teksten i tida

Skriv ei oppsummering av kva tankar teksten formidlar. Kvifor var dette ein relevant tekst i 1878? Forklar kva i dåtidas samfunn som gjorde at Garborg såg det nødvendig å skriva denne teksten.

2. Arne Garborg og religion

Kva forhold hadde Arne Garborg til religion, og då spesielt kristendommen og kyrkja?

3. Religionsfridom før og nå

Er teksten og tankane bak «Avstengjingstanken» aktuelle i dag? Kva gjer teksten aktuell / uaktuell? Dra gjerne linjer til debattar i media i dag.

Språk og rettskrivingsnormalar

4. Innføringa av rettskrivingsnormalen

Då *Avstengjingstanken* vart skriven i 1878, fanst det inga offisiell rettskriving for nynorsk. Dei første rettskrivingsnormalane kom i 1901.

- Korleis trur du det fungerte å ikkje ha noka offisiell rettskriving?
- Kvifor trong ein faste reglar for rettskrivinga?
- Kva rolle spelte Arne Garborg i utviklinga av rettskrivingsnormalane i 1901?
- Kvifor var Garborg involvert?

5. Moderne rettskriving

Sjå på dei to versjonane av teksten. Kva er dei største endringane i rettskrivinga? Her bør du lista opp fleire overordna endringar. (Eksempel: verbet «hev» er endra til «har».) Det finst endringar i både bøyingar (t.d. verb og substantiv), bruk av bokstavar og staving av enkeltord.

6. Frå 2011 til i dag

I 2012 kom ei ny nynorsk rettskrivingsreform. Den kan du lesa meir om [her](#). Kan du finna ord og former i *Avstengjingstanken (2011)* som ikkje lenger er lov å skriva?

Retorikk

6. Talesituasjonen - kairos

«Avstengjningstanken» vart for første gong utgitt som ein del av artikkelrekka "Eit og annat um kristendomsstriden vaar" i *Fedraheimen* i 1878. Fedraheimen vart oppretta av Arne Garborg, og var ei av dei første nynorske avisene i landet.

- Kven var redaktør i Fedraheimen i 1878?
- Kva var avisa sitt religiøse standpunkt?
- Kven trur du lesarane av avisa var?

7. Logos og patos, men ikkje etos?

Ein kan argumentera for at Garborg hovudsakleg spelar på patos og logos i denne teksten, og i lita grad bruker etos. Er du einig i det, og kvifor? Trur du teksten ville blitt meir eller mindre overtydande om han hadde spelt på etos og vore ein meir synleg avsendar i teksten?

8. Språklege verkemiddel

Garborg bruker i «Avstengjningstanken» mange språklege bilde for å konkretisera ei abstrakt og vanskeleg sak.

- Kva samanlikningar og bilde finn du i teksten, og kva følelsar vekker dei?
- Kva effekt har denne bruken av språklege bilde på deg som lesar?
- Mange av bilda blir brukt til å skapa kontrastar, antiteser. Kva effekt har dette på teksten og lesaren?

Tilknytning til læreplanen (norsk vg3)

Språk, litteratur og kultur

Hovedområdet språk, litteratur og kultur handler om norsk og nordisk språk- og tekstkultur, også med internasjonale perspektiver. Elevene skal utvikle en selvstendig forståelse av norsk språk og litteratur, og få innsikt i hvordan språk og tekster har endret seg over tid og fortsatt er i endring.

Elevene skal få kunnskap om språket som system og språket i bruk. De skal lese og reflektere over et stort og variert utvalg av eldre og nyere tekster i ulike sjangere og fra ulike medier. I tillegg skal elevene bli kjent med tradisjoner i norsk teksthistorie i et sammenlignende perspektiv mellom nåtid og fortid og i lys av impulser utenfra.

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk fra år 1900 til i dag
- analysere, tolke og sammenligne et utvalg sentrale norske og noen internasjonale tekster fra ulike litterære tradisjoner fra romantikken til i dag, og sette dem inn i en kulturhistorisk sammenheng
- bruke begrepsapparat fra retorikken for å analysere og vurdere ulike typer sakprosaetekster